

Vestland Fylkeskommune

26.03.21

## Fråsegn: Regional plan for innovasjon og næringsutvikling – Berekraftig verdiskaping.

Bergen og Hordaland turlag ynskjer med dette å kome med innspel til regional plan for næringsutvikling og innovasjon – berekraftig verdiskaping.

### Generelt

Vi merkar oss at plantematikken er noko endra frå planprogrammet og vil påpeike at planutkastet framstår som mindre konkret enn planprogrammet skisserte. I tillegg er fleire problemstillingar omtalt på eit overordna og generelt nivå, og det er uklårt kva avvegingar og vegval som kjem til å ligge til grunn for handlingsprogrammet.

### Kommentarar til kap 2

Bergen og Hordaland Turlag er opptatt av å sikre friluftslivets natur- og kulturgrunnlag, og for å drive ein berekraftig forvalting av naturen. BHT er urolege for at tap av naturmangfald ikkje blir teke nok på alvor, og at det vert tatt for lett på den stadige nedbygginga av natur – ofte under dekke av at dette må vi tåle i klimaets namn. Vi vil derfor påpeike nokre punkt kvar den regionale planen bør styrke ambisjonsnivået på dette området. Planutkastet legg til grunn FNs berekraftsmål, med hovudvekt på økonomisk berekraft og mål nr 8, 9, 11, 12, 13 og 17. Stockholm-modellen som det visast til i planen ligg til grunn at enkelte berekraftsmål er avgjerande for å kunne lykkast med dei øvrige. Blant desse, nr 15 - *Livet på land*. Det er derfor skuffande at verdiskapingsplanen ikkje i større grad vektlegg omsyn til natur.

Vi oppmodar derfor om klårare operasjonalisering av berekraftaspektet og prinsipp for utvikling som sikrar ei heilskapleg vektlegging av berekraft – ikkje berre økonomisk berekraft. Sjølv om planen har areal til næringsutvikling som eit eige satsingsfelt og hevdar at det finnast «*areal til å skape ny industri utan å gjøre ytterlegare naturinngrep*» så er vi usikre på realismen i dette, all tid det leggast opp til å realisere ein stor andel av planane om industriutvikling, grøn teknologi/hydrogensatsing og elektrifisering av sokkelen. Som nemnt i planens kap 1.3 så vil dette krevje eit stort energiforbruk, og kunne medføre utbygging av til dømes vindkraftanlegg i urørt natur og viktige friluftslivsområder.

### Kommentarar til kap 1.3

Mangel på nettkapasitet er per i dag eit hinder for den skisserte utviklinga. Utbygging av nettkapasiteten er arealkrevjande og vil gå på kostnad av natur. BHT vil på det sterkeste oppfordre til å gjere nokre strategiske val i verdiskapingsplanen for kva type næring som skal prioriterast med tanke på kraftleveransar. Det nyttar ikkje å reduserer klimagassutsleppa frå olje- og gassplattformane, eller frå biltrafikken, om vi må grave opp fleire CO2-rike myrer og rasere sårbar natur på land for å straumen fram til kysten. Både nye kraftlinjer og vindkraftutbyggingar vil vere utfordrande å gjennomføre utan å kome i konflikt med viktige friluftslivsområde eller sårbar natur.

Bergen og Hordaland turlag er klar over at rimeleg og god forsyning av straum er viktig for industriutviklinga langs kysten, men vi fryktar at behovet for grøn energi og økonomiske konkurransefortrinn på Vestlandet vil gå føre omsyn til øvrige berekraftsmål som nemnt over.

Som ledd i berekraftstilnærminga så saknar BHT og ei nærmere utgreiing av potensialet for ENØK-tiltak i industrien. Satsing på ny grøn industri er prisverdig, men vi bør og gjøre tiltak for å gjøre eksisterande industri meir berekraftig.

#### Kommentarar til kap 3.4

Vi er svært positive til at ein ynskjer å satse på oppdatering av kunnskapsgrunnlaget for sjø- og fjellareal. Vi vil oppmøde om at ein utgreier kva verdiar i form av naturmangfald, naturtypar, , og landskapsverdiar/opplevingsverdiar fjellområda i Vestland innehar. Dette er særleg aktuelt i fjellområda på begge sider av Sognefjorden som er under press for meir vindkraftutbygging. Vidare bør ein skaffe betre oversikt over konsekvensar av bit-for- bit nedbygging i ransonene av viktige verneområde og allmenningar i fylket. BHT meiner Fylkeskommunen bør støtte arbeidet med Statlege planretningslinjer for Fjellområda. Dette kan bidra til betre forvaltning og forutsigbarheit i høve utbygging i viktige friluftsområde og sårbar natur. I høve arealbruk i sjø er vi særleg opptekne av betre utgreiing av områda som ofte blir råka av såkalla fjæresteinstiltak. Som til dømes havvind nær land i skjergarden der det drivast aktivt fiskeri og kystfriluftsliv/reiseliv.

Viss **verdas vakraste fjordar og fjell** skal ligge til grunn for framtidas arbeidsplassar som omtalt i kap. 1.2 må vi i større grad verdsette dette landskapet og verne det mot inngrep.

#### Innspel til handlingsprogram 2021:

- Handlingsprogrammet bør fastsettje nye utgreiingar og satsingar for å heve kunnskapsgrunnlaget om fjellareal og sjøareal som er under press.

#### Innspel til handlingsprogram 2022-2025:

- Handlingsprogrammet bør innehalde prinsipp for utvikling som sikrar ei heilskapleg vektlegging av berekraft – ikkje berre økonomisk berekraft.
- Handlingsprogrammet bør legge til grunn prinsipp for verdsetting av natur. (Basert på oppdatert kunnskap.)
- Handlingsprogrammet bør legge til grunn mål om å senke behovet for kraft gjennom å effektivisere, spare og prioritere.
- Handlingsprogrammet bør gjøre eit strategisk val av kva type næring som bør prioriterast for kraftleveransar. (Ut i frå ei berekraftsvurdering)

Med helsing

Helene Ødven  
Dagleg leiar  
Bergen og Hordaland Turlag

Elisabeth Skage  
Styrelseleiar  
Bergen og Hordaland Turlag

Siren S. Juliussen  
Naturvernansvarleg  
Bergen og Hordaland Turlag